

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.04.2020

Vår ref.: 201905386-12

Arkiv: 317

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Høyring av søknad om uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet i Heim kommune i Trøndelag

NVE har motteke ein søknad frå Lerøy Midt AS, avdeling Aakvik, datert 11.12.2019, om løyve til uttak av vatn og regulering av Kaldbergsvatnet til produksjon av rogn og hald av stamfisk. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Tidens Krav i Kristiansund og Driva på Sunndalsøra. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Knut E. Bråthen på tlf. 71558151 / 91519194 eller e-post: Knut.Brathen@leroymidt.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk vis www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd, og seinast innan

27.05.2020.

Det er også mogleg å sende uttalar per e-post til nve@nve.no og per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Skildring av tiltaket

Lerøy Midt AS søker om å formalisere løyve til eksisterande vassuttak i Kaldbergsvatnet for bruk til landbasert akvakulturanlegg i Hønsvika i Heim kommune i Trøndelag. Det vert søkt om uttak av inntil 118 l/s (7,1 m³/min), med eit samla uttak over året på 2,6 mill. m³/år. Dette utgjer eit gjennomsnittleg uttak over året på 82 l/s (4,92 m³/min). For periodar der tilsiget til Kaldbergsvatnet er lågare enn vassforbruket i anlegget vert det søkt om å kunne seinke Kaldbergsvatnet mellom HRV på kote 126,0 og LRV på kote 124,5. Det er ikkje lagt opp til slepp av minstevassføring til Kallbergselva frå Kaldbergsvatnet. Vassveg/røyrgate Frå Kaldbergsvatnet til Hønsvika er tidlegare behandla av kommunen.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet
Forum for natur og friluftsliv i Trøndelag
Fylkesmannen i Trøndelag
HEIM KOMMUNE
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Trøndelag
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Norsk Ornitologisk forening - Lokallag Surna/Rindal/Halsa
Trøndelag fylkeskommune

Kopi til:

Lerøy Midt AS